

Invitasjon til foreldremøte for elever på Vg1

Dato: onsdag 15. januar 2025

Tid: 17:00 i kantina

Høyanger vidaregåande skule arrangerer i år «karrieredag» for elevar ved Høyanger vgs og 10. klasse i Høyanger kommune og frå nabokommunane. For elevane ved Høyanger vgs er målet å gjere elevane kjende med ulike karrieremoglegheiter ut frå dei utdanningsprogramma vi tilbyr ved skulen. Elevane har skuledag frå 08:30-14:00 og frå 16:00-20:00 (elevane har fått fri 2. januar pga denne langdagen).

Føremål med dagen:

- Gje elevane og deira føresette hjelp i karriereplanlegging og yrkesval.
- Vise kva jobbmoglegheiter som kan vere aktuelle etter utdanning.
- Presentere skulen i drift.

I løpet av dagen får elevane høve å snakke med bedrifter i regionen, Høgskulen i Vestland og ulike opplæringskontor. Feire av desse vil vere på skulen utover dagen, så dersom det er ønske frå føresette om å møte nokon av desse, kan ein gjere det frå kl. 16.00

Foreldremøtet startar kl. 17.00, og første del er saman med 10. klasse.

Felles del:

- Informasjon om tilbodet ved Høyanger vgs skuleåret 2025-26 og moglegheiter framover
- Opplæringskontor og lokale bedrifter informerer om behova for kompetanse lokalt og regionalt

Del 2:

- Vg1-elevar ved Høyanger vgs – møte på auditoriet
- Søknadsprosess Vg2 og vegen fram mot lære plass.

Vg1 på studiespesialiserande har hatt eige foreldremøte, men kan også møte denne dagen dersom ein ønsker det.

Open skule med undervisning i alle klasserom og verkstader fram til kl. 20:00!